



Referat frå kommunalt foreldreutval 22.09.2025

Tilstade: Nina Holen (LUS), Øystein Susort (Lye skule), Kristian Hognestad (Hognestad skule), Jon Harald Ødegård Egeland (Undheim skule), Ina Eik (Rosseland skule), Jan Ove Frivold (Bryne skule), Anne Grethe Hustoft Flataukan (BUS) Bjørghild Underhaug (Utval for levekår) Rannveig Undheim (Utval for levekår) Elsa Djuve Jerstad (Time kommune)

Ikkje møtt: Lisbeth Bertsen (Frøyland skule), representant frå FUS, representant frå VUS.

1. Presentasjon av medlemmane og gjennomgang av organiseringa av KFU.

- Ein representant frå kvar skule
- Skulesjef kallar inn, medlemmene melder saker
- Referent går på rundgang
- Skulesjef sender ut referat til medlemmer og skulane.
- **Målsetting:**
Det kommunale foreldreutvalet (KFU) er ein viktig samarbeidspart, og skal fungera som eit mellomledd mellom foreldreutvala (FAU) på dei einskilde skulane og kommunen/skuleeigar.
- **Tema på agendaen:**
Saker som omhandlar Timeskulane som f.eks læringsmiljø, bygg av skular, kommuneøkonomi, heim-skule samarbeid, politiske høyringar m.m.

2. Digital praksis i Oppvekst. Gjennomgang og innspel frå KFU.

Planen blei gjennomgått i møtet.

Innspel frå KFU: Utvalet opplever det som positivt at ein har samla planar og jobba på tvers av tenester på dette viktige området. KFU meiner det er svært viktig at Fau på dei ulike skulane koplar seg på hausten 2025 då planen skal vera gjeldande frå 01.01.2026. Skulen kan gjera sitt på dette området, men det er svært viktig at føresette tidleg tar del i samarbeidet med skulane.

3. Høyringar

Det blei informert om desse høyringane som fagstab oppvekst jobbar med.

- lovendring digitale einingar på 1.-4. trinn [Endring i læreplan for 1.-4. trinn](#)
- forslag til utvidelse av adgangen til informasjonsdeling ved skolebytte [Forslag til endring](#)
- Obligatorisk tilbod om arbeidslivsfag på ungdomstrinnet på alle skular

4. Anna

KFU ønsker at ein på neste møte skal ha ein delerunde med tips og gode tiltak som Fau har i forhold til elevane og samarbeidet med skulane. KFU ønsker at alle skulane tar dette med sine Fau i forkant.

KFU representantar sjekkar eigen skule og rutinar for elevar med cøliaki.

Innspel til neste møte- Kfu ønsker at ein tek opp smarttelefonfri barndom
<https://www.smarttelefonfribarndom.no/>

Forslag til møtedatoar skuleåret 2025-26

22. sept
29. okt
3. des
4. februar
16. april
(10. Juni)

10. juni dersom det er behov. Elles avtalte me at dersom me treng fleire møter, så melder de inn behov.

Mvh
Elsa Djuve Jerstad